

Rapport – utprøving av vekslingsmodell (2014-2018)

Vi viser invitasjon og tildeling av midler til utprøving av vekslingsmodeller. I tildelingsbrevet ba vi om rapportering innen **1. februar og 1. juli hvert år**. Her er en mal for rapportering. Vi ber dere bruke malen. Bruk vedlegg for svar som ikke får plass i tabellen. Merk: Frist for levering av denne rapporten er 16.02.2018.

I følge tildelingsbrevet skal det rapporteres om **aktivitet** og **bruk av tildelte midler**.

Rapport for høst 2017		
1	Fylkeskommune:	Sogn og Fjordane fylkeskommune Vekslingsmodeller Bygg- og anlegg - Stryn vidaregåande skule
2	Kontaktperson i fylket:	Sogn og Fjordane fylkeskommune: Kenth Rune Måren Teigen Stryn vidaregåande skule: Johanne Elisabett Sørdal
3	Fylkeskommunens hovedmålsetting for tiltaket (2014-18): Overordna målsettingar: <ul style="list-style-type: none">✚ Skule og næringsliv tek felles samfunnsansvar✚ Skule, opplæringskontor og næringsliv samarbeider om å skape fleksibilitet, relevans og kvalitet i opplæringa✚ Stryn vidaregåande skule ønskjer å profilere seg som ein moderne og utviklingsorientert vidaregåande skule med profesjonell opplæring og yrkesutøving✚ Næringslivet i Stryn og Nordfjord kan profilere seg som attraktive tilbydarar av praksisplassar, læreplassar og kompetansearbeidsplassar – Læreplassgaranti til elevar✚ Auka gjennomføring✚ Auka rekruttering og status til yrkesfaga✚ Tidleg erfaring og kunnskap om lokalt næringsliv kan føre til at fleire unge vel utdanning og jobbe lokalt	

Fylkeskommunens delmål for skoleåret 2017-2018:

4

- Kvalitetssikre og vidareutvikle vurderingspraksisen
- Vidareutvikle modularbeidet i fagbreidden på Vg1
- Opplæringsmodell til elevar som treng spesiell tilrettelegging
- Bruke erfaringane våre til å vidareutvikle og kvalitetssikre ulike opplæringsmodellar
- Bygge nettverk og auke samarbeidet innan andre fagfelt i «utdanningsvifta» til Bygg- og anleggsteknikk
- Nyttiggjere oss meir av fagkompetanse på dei ulike opplæringskontora for å skape betre kvalitet og relevans i eleven si 4-årige utdanning fram mot fagbrev
- Kvalitetssikre formalitetar og standarar
- Faglærarar på Vg1 og Vg2 hospiterer i fag / fagområde (lærefag) som skulen / fylkeskommunen ikkje kan tilby på Vg2 nivå som anleggsmaskinførarfaget, malarfaget, murarfaget og røyrleggjarfaget

Gjennomførte aktiviteter høst 2017:

For skuleåret 2017-18 vart klassetalet på Vg1 Bygg- og anlegg auka opp igjen til to grupper. Dette var ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføre siste året med utprøving av vekslingsmodellar. For faglærarane var auke av klassetalet ein motivasjonsfaktor som har fremma inspirasjon til å ta fatt i nye oppgåver.

Ein annan motivasjonsfaktor hausten 2017 var at klassetalet også på Vg2 vart auka frå ei til to grupper. Dette gir oss eit heilt anna grunnlag for å vidareutvikle arbeidet med fleksible opplæringsmodellar. Vi fekk no mulegheita til å kunne gjennomføre utprøvinga innan ulike og nye fagfelt på ein heilt anna måte. Usikkerheita med variasjon i klassetal frå år til år har vore ein utfordrande rammelektor i utprøvingsperioden.

For skuleåret 2017-18 hadde vi planlagt følgjande:

1. Vidareutvikle og kvalitetssikre modulopplæringa på Vg1

Opplæringa har vorte organisert i modular med nivådiffrensierte læringsmål og vurderingskriterie. Vg1 lærarane har arbeidd godt med modulopplæring dette skuleåret. Prosjektmidlane har gitt faglæraren betre tid i form av frikjøp til å arbeide med gode undervisningsopplegg, ha tid til fleire fagsamtaler med den enkelte elev, samt sette fokus på eleven si opplæring fram til fagbrev. Eleven får i større grad opplæring og rettleiing i si fagfordjuping / yrkesfordjuping. Dette gir meir motiverte elevar. Dette speglar ofte også at eleven er meir motivert og meistrer betre også i andre fag og på andre opplæringsarenaer(relevante opplæringsbedrifter) som eleven få opplæring på. Faglæraren har også hatt betre tid til å følgje opp eleven i arbeidspraksis i bedrift.

2. På Vg2 Byggteknikk har vi hatt fokus på **vurdering i YFF (yrkesfagleg fordjuping)**, her spesielt retta mot Vekslingselevane og arbeidspraksis i bedrift. Vi ønskjer å formalisere vurderinga på ein annan måte enn før. Faglærar har brukt meir og lengre tid i bedriftene. Dette aukar forståelsenivået mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift. Eleven vert meir delaktig i prosessen i læringsarbeidet og får større forståing av kva som ligg til grunn for måloppnåing og vurdering og kvalitet i arbeidet.
Tidlegare har vi brukt eit forholdsvis enkelt avkryssingsskjema der bedriftene har kryssa for utvalde kriteria knytt til arbeidspraksis.
Vi arbeider no med system for vurdering i arbeidspraksis der praksisen vert formalisert og kvalitetssikra både i tid og omfang.

3. Profilere «småfaga»

Når det gjeld «småfaga» (dvs. fag som ikkje har eiga opplæring på Vg2 nivå i region Nordfjord eller Sogn og Fjordane)

- ✚ Anleggsmaskinførar
- ✚ Veg- og anleggsfaget
- ✚ Fjell- og bergverksfaget
- ✚ Banemontørfaget
- ✚ Byggdriftarfaget
- ✚ Røyrleggjarfaget
- ✚ Blekkslagerfaget
- ✚ Taktekkjarfaget
- ✚ Målarfaget

Vi har erfart at å vere «drahjelp» for bedriftene i å gjere seg attraktive som tilbydarar av framtidige praksisplassar, lærlingplassar og kompetansearbeidsplassar har gitt resultat. I modulopplæringa på hausten 2017 har vi knytt Bygg Opp Sogn og Fjordane (Opplæringskontoret for Bygg- og anlegg) tettare til oss for å profilere «småfaga» på Vg1 Bygg- og anlegg, både i teori og praksis gjennom eigne temaveker. Vi har også inngått samarbeidsavtale med Opplæringskontoret for Anlegg- og bergverk gjennom ein 1+3 modell. Dette er vanlegvis populære utdanninger for elevane og utdanninga er per i dag lagt til Førde og Sogndal. No kan eleven ta denne utdanninga i sitt lokalområde.

I skrivande stund sit eg og les korrektur på eit innlegg til «Utdanningsmagasinet» frå ein journalist. Dette er eit ekstra magasin som vert sendt ut i lag med regionavisene i februar. Synes intervjuet med Sander var så beskrivande og inspirerande at eg tillet meg å legge inn eit utdrag av intervjuet.

Sander på 16 år er elev på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk på Stryn vidaregåande skule. Hans draum er å bli anleggsmaskinførar og skytebas. Hans store førebilde er «Lothepus».

- Sandar har praksisveke hos Volda Maskin AS, der trives han som fisken i vatnet, og han gler seg til hausten med mykje praktisk læring.

- Å sitje på kontor framfor ein pc er ikkje noko for meg. Eg liker å vere i aktivitet. Det er kjekt å kunne jobbe ute. Med eit opplæringsløp der ein går 1 år på skule og har 3 år i bedrift (1+3 modell) får du vere meir ute og lære i praksis korleis ting fungerer i staden for å sitje inne på skulebenken og høre om det og sjå på bilet. Du lærer betre ved å vere ute i arbeid, og du får meir følelse av kva du går til med den utdanninga du tek. Med ei god blanding av å vere ute i arbeid og periodar inne med teori, blir du ikkje så lett skulelei. Det blir lettare å motivere seg når ein har noko å glede seg til, seier Sandar. Han trivst godt på skulen i Stryn, og tykkjer det går heilt fint å dagpendle tre kvarter med buss.

16-åringen frå Mogrenda i Eid har allereie bestemt seg for å bli anleggsmaskinsjåfør og skytebas. Sandar (16) drøymer om å bli den lokale «Lothepus» og ein gong starte sitt eige sprengingsfirma.

- Å trykke på knappen for å utløyse sprengladningar gjev ein god følelse. Du får eit skikkeleg adrenalinkick.

Ansiktet til Sandar lyser opp i eit stort smil. Knappen han snakkar om er den som utløysar dunder og brak og gjer at sprengstoff får fast fjell til å bli til steinblokker og småstein.

Sandar var aldri i tvil om at han skulle velje Vg1 Bygg- og anleggsteknikk etter ungdomsskulen. Det ligg i familien å jobbe med stein og store maskiner. Faren køyrer lastebil og bestefaren dreiv Norsand. For ungguten med ambisjonar innan anleggsbransjen er Styn vidaregåande skule sitt tilbod om 1+3 midt i blinken. Først går han eitt år med teori og så tre år som lærling; i kombinasjon med teoriperiodar på skulen.

- Eg har allereie fått lærlingplass hos Volda Maskin frå hausten av. Det er ganske stas. Dei har blitt kåra til årets beste lærlingbedrift, fortel Sandar stolt.

Plan for våren 2018:

- ⊕ Detaljarbeid knytt til vekslingsmodellar i nye fagområde
- ⊕ Stryn vidaregåande skule har dei siste månadane arbeidd med eit nytt utdanningsløp der elevar kan gå på Landslinje i Skiskyting, samtidig som dei tek utdanning fram til fagbrev innan Bygg- og anleggsteknikk. Erfaringane frå utprøving av vekslingsmodellen har gitt grunnlag for utarbeiding av denne modellen. Opplæringa er planlagt til 4,5 år der eleven vekslar mellom opplæring i bedrift og opplæring i skule samtidig som eleven kan fullføre Landslinje innan skiskyting. Per i dag er Landslinja knytt opp mot studiespesialisering.
Utgangspunktet for utarbeiding av opplæringsmodellen er heimla i Lokal forskrift med opplæring etter 1 + 3 (3,5) modellen og muleheitene i fleksibiliteten i fag og timefordelinga. Tett dialog og samarbeid med Bygg Opp skal sikre eleven si fagopplæring fram til fagbrev. Etter fullført Vg1 skriv eleven lærekontrakt med ei av Bygg Opp sine medlemsbedrifter og dokumenterer oppnådd kunnskap og ferdigheter i Bygg Opp sitt opplæringsprogram «Følg Opp» frå Vg1 til fagbrev. Bygg Opp har kontor og medlemsbedrifter i alle fylke. Elevar som ønskjer å kombinere Landslinja i skiskyting med fagbrevutdanning innan Bygg- og anlegg vil då kunne starte opplæringa lokalt og deretter kunne flytte tilbake til sitt heimfylke etter endt skulegang og fullføre læretida og fagbrevet i ei lokal Bygg Opp bedrift, om dette er i Alta, Steinkjær eller Lillehammer.
Eit anna argument for utarbeiding av opplæringsmodellen er at ein del elevar som per i dag går på landslinja i skiskyting eller som søker seg inn ønskjer ei yrkesfagleg utdanning. No kan dette verte eit likeverdig tilbod, der eleven kan velje mellom studiespesialisering eller yrkesfag. Modellen er endå ikkje vedteken, og må opp i fylkestinget utpå vårparten. Dersom utdanningsmodellen vert godkjent, vil kombinasjonen mellom Bygg- og anleggsteknikk og Landslinje i skiskyting sannsynlegvis vere i gang hausten 2018.
- ⊕ Ei anna utfordring vi ønskje å prøve ut var opplæring til elevar som av ulike grunnar treng ei anna og meir fleksibel og meir sannsynlegvis ei lengre opplæringstid. Systemet rundt dei elevane som ikkje klarer gjennomføre opplæringa på 4 år er ikkje tilfredsstillande per i dag. Vi ser ofte at enkelte elevar ikkje klarer å få bestått i alle fag og dei har problem med å få lærepass, enten som ordinær lærling eller som lærekandidat. Ofte vert ressursane rundt eleven brukta på spesialundervisning i fellesfaga. Det vert plukka ned timer frå programfaga og YFF. Dette resulterer i store «hol» i opplæringa i programfaga og den erfaringsbaserte læringa.
I eit opplæringsløp på inntil fem år er det viktig at eleven får god og «utvida» opplæring i programfaga og YFF, både i teori og spesielt i arbeidspraksis. Fellesfaga må fordelast over 4-5 år. Utvida praksis med oppfølging syner seg å ha god positiv effekt. Forsking syner også at dersom eleven får hjelpe og støtte i oppstarten av opplæringa både i teori og praksis gir dette betre mestringsfølelse, og eleven vert betre rusta til å fullføre opplæringsløpet.
Dette har vi ikkje fått til hausten 2017 grunna interne rammefaktorar. Men – målet er at vi skal kunne få til ein slik opplæringsmodell.

	<p>Vurdering av måloppnåelse etter høsten 2017:</p> <p>I hvilken grad går utprøvingen så langt i henhold til planene?</p> <p>Auken i klassetal på Vg1 Bygg- og anleggsteknikkvar vart den grunnleggande motivasjonsfaktoren for vidarearbeid med målsettingane for hausten 2017. Då vi også fekk auke i klassetalet på Vg2 Byggeteknikk frå ei til to grupper opna det seg nye muleheiter for prøve ut veksling innanfor andre og nye fagfelt.</p> <p>Faglærarane har arbeidd godt med:</p>
7	<ul style="list-style-type: none"> ✚ Modulopplæring på Vg1 og førebuing til veksling og utprøving innan eksisterande og nye fagfelt ✚ Vurdering i skule ✚ Oppfølging og vurdering i praksisfeltet ✚ Utvida nettverk med fleire relevante opplæringsbedrifter ✚ Tettare dialog og samarbeid med opplæringskontora om eleven si 4-årige opplæring fram til fagbrev
8	<p>Utfordringer:</p> <p>Har det dukket opp nye utfordringer siden forrige rapportering?</p> <p>Skulen har ikkje møtt nye utfordringar sidan siste rapportering.</p> <p>Hvordan jobber fylkeskommunene med utfordringene?</p>
9	<p>Erfaringer:</p> <p>Ser dere nye positive effekter av vekslingsmodellene siden forrige rapportering?</p> <p>Auken i klassetal på Vg1 og Vg2 Bygg- og anleggsteknikk ref. pkt 7. har gitt positive effekter i utprøving av vekslingsmodellen. Dette har gitt oss eit større handlingsrom både internt i skulen og på andre opplæringsarenaer og nettverk knytt til eleven si opplæring.</p> <p>Den største effekta er nok erfaringslæringa knytt til eleven si 4-årige utdanning.</p> <p>Har dere gjort dere noen erfaringer siden forrige rapportering om noe dere ville gjort annerledes?</p>

Vurderer dere oppstart av vekslingsmodell innenfor andre utdanningsprogram?

Erfaringane frå utprøving av vekslingsmodellen på Bygg- og anleggsteknikk kan lett overførast til andre utdanningsprogram og til andre vidaregåande skular.

Vi deler gjerne erfarringsresultata med andre vidaregåande skular i fylket dersom dette er ønskjeleg.

1 0 Det ligg så mange positive effektar frå utprøving av vekslingsmodellen at dette bør overførast til andre utdanningsprogram der ein gjennom Lokal forskrift nyttar seg av fleksibiliteten i fag – og timefordelinga. Dette vil i kunne auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, fleire elevar vil kunne få mulegheit til å gjennomføre utdanninga si fram til fagbrev. Men - Dette fordrar tett og god oppfølging tidleg i opplæringa med fokus på grunnleggjande kunnskap og ferdigheter i programfaga og YFF (yrkesfagleg fordjuping). Fellesfaga til eleven bør fordelt over ei 4 års periode.

Ressursbruk 2017 og budsjett for 2018**Budsjett og forbruk 2014-18**

Tekst	Beløp År 1	Ressurs-bruk	Beløp År 2	Ressurs-bruk	Beløp År 3 og 4	Budsjett 2017-18
Prosjektmidlar	200.000,-		200.000,-		200.000,-	
Prosjektleiar		64.020,-				
Lærar 1		51.950,-		82.250,-		164.500,-
Lærar 2		37.646,-		63.638,-		127.276,-
Lærar 3		37.540,-				
Adm. Kost.		8.844,-		54.112,-		108.224,-
Total	200.000,-	200.000,-	200.000,-	200.000,-	400.000,-	400.000,-

1 1

Kommentarar til budsjett og ressursbruk:

I oppstart av vekslingsmodellen brukte vi mykje ressursar til planlegging og igangsetting av ulike aktivitetane både internt og i samarbeid med bedrifter og opplæringskontor. Det var ei tidkrevende prosess både for prosjektleiar og faglærarar brukte mykje tid.

I prosjektperioden har vi frikjøpt lærarar i deler av undervisningsstillingane. Den frikjøpte tiden har vore nytta til enkelteleven, til elevane totalt, modulbaserte undervisningsopplegg, djubdelæring i teori og praksis i dei ulike lærefaga, til foreldresamarbeid, til samarbeid med bedriftene, kvalitetssikring av formalitetar og arbeid med vurdering.

Dei budsjetterte administrative kostnadane vil bli nytta nettverkssamlingar, lærarsamlinga og Budsjettet for år 4 er lagt utifrå erfaringane på år 3.

Fyll inn antall elever/lærlinger i modellen

Vekslingsmodell

Fylke: Sogn og Fjordane fylkeskommune	Lærefag: Tømrar, betong, rørleggjar, anleggsmaskinførar	Utdanningsprogram: Bygg- og anleggsteknikk																	
Skole:	Stryn vidaregåande skule																		
Modell																			
	1. år	2. år	3. år																
Skole:	Fag: 34-35 veker	Fag 18 veker: (2 dagar til fellesfag, resterande til felles programfa g)	Fag:																
Bedrift:	Antall uker/ dager: PTF/ læretid/ annet: 3-4 veker	Antall uker/ dager: PTF/ læretid/ 20 veker	Antall uker/ dager: PTF/ læretid/ annet: 5 dagar																
Modellen er skissert utfri normen i veksling. Vanskeleg å vere presis her, då det er individuelle forskjellar frå fag til fag og bedrift til bedrift. I tillegg individuelle forskjellar frå elev til elev.																			
Tid for oppstart av læretid: I veksling 1+3 – I løpet av Vg1 eller etter Vg1 (År 2) I veksling 2+2 – I løpet av Vg2 eller etter Vg2 (år 3)																			
Vekslingsperioder (uker/dager): Tid for opptak til vekslingsmodell: Søknadsfrist 1.mai på Vg1. Opptak mai / juni på Vg1(1+3 modell og 2+2)																			
Tid for eksamen i programfag: Praktisk munnleg på Vg2 eller tverrfagleg år 4																			
Antall elever/lærlinger: (Fyll inn i tabellene nedenfor. Hvis opptak til vekslingsmodell skjer etter år 1 – merk første rute svart)																			
<table border="1"><tr><td>14/15</td><td></td></tr><tr><td>15/16</td><td></td></tr><tr><td>16/17</td><td></td></tr><tr><td>17/18</td><td>1</td></tr></table>			14/15		15/16		16/17		17/18	1	<table border="1"><tr><td>15/16</td><td>6</td></tr><tr><td>16/17</td><td>6</td></tr><tr><td>17/18</td><td>4 + evt fleire</td></tr><tr><td>18/19</td><td>10 +evt 5</td></tr></table>	15/16	6	16/17	6	17/18	4 + evt fleire	18/19	10 +evt 5
14/15																			
15/16																			
16/17																			
17/18	1																		
15/16	6																		
16/17	6																		
17/18	4 + evt fleire																		
18/19	10 +evt 5																		
<table border="1"><tr><td>18/19</td><td>10+ evt 5</td></tr><tr><td>19/20</td><td>10+ evt 5</td></tr></table>			18/19	10+ evt 5	19/20	10+ evt 5	<table border="1"><tr><td>19/20</td><td>10+ evt 5</td></tr><tr><td>20/21</td><td>10+ evt 5</td></tr></table>	19/20	10+ evt 5	20/21	10+ evt 5								
18/19	10+ evt 5																		
19/20	10+ evt 5																		
19/20	10+ evt 5																		
20/21	10+ evt 5																		